

Hallo i nedslagsfeltet!

Tre veker har gått sidan eg flytta til Leira i Valdres for å gå på Valdres Folkehøgskule. Linja eg har valt heiter Bratt Friluftsliv – Himalaya, og inneheld både paragliding, kajakk, brevandring, downhill-sykling, skikøyring, toppturar og alle typar klatring. I tillegg kan vi velje mellom veldig mange forskjellige valfag. Etter nyttår går turen til Alpane for å renne på ski, medan i mars ventar årets høgdepunkt – ein tur til Himalaya der vi mellom anna skal besøke Mount Everest Basecamp og treffe lokalbefolkninga i Nepal. Med andre ord står eg framføre eit år der både utfordringar og spennande opplevingar kjem på rullande band! Og alle desse opplevingane skal eg sjølvsagt dele med dykk her på jentebloggen.

Men før eg kjem så langt skal eg, etter ynskje frå nettsida, fortelje litt om sykkelturen som eg og lillesyster Emma hadde veka før eg flytta til Valdres. Emma hadde lenge prata om at ho kunne tenkje seg å sykle til Oslo medan ho enda var 12 år, etter at ho fekk høyre at morfar og onkel Christian sykla denne etappa då onkel var 13 år. Med andre ord måtte vi ta turen i løpet av sommaren, sjølv om ingen av oss hadde trenna så veldig mykje på førehand. Emma hadde tatt seg nokre treningsturar no og då, og for min del kom dette til å bli årets andre sykkelstur (den aller første sykkelturen i år var då mamma og eg sykla Dombås-Oslo tidlegare i sommar), men det var no eller aldri.

Vi tok ferja frå Stranda til Liabygda måndag 13.august kl. 12:15, og sykla i fantastisk natur over Trollstigen og langs dei mektige Romsdalsfjella. Denne dagen var nok den hardaste, men desidert den vakraste! Nærare halv elleve på kvelden kom vi fram til Bjorli der vi overnatta på eit hotell.



Emma med flotte Romsdalsfjell i bakgrunnen.

Neste dag starta vi 09:00, og etter mange timar på sykkelsetet i motvind og litt regn trudde vi at Lesja kommune aldri skulle ta slutt. Men vi kom etter kvart fram til Dombås og kjøpte ein etterlengta middag. Etter Dombås kom den aller største hindringa på turen, nemleg E6, som er ulovleg å ferdast på for gåande og syklande. Vi måtte derfor kjøpe eit kart og gjorde vårt beste for å finne alternative vegar som vi kunne sykle på. Før sola gjekk ned kom vi oss til Ringebu der vi overnatta på Ringebu Bed & Breakfast.

Håpet når vi starta tidlig neste morgon var å komme til Oslo i løpet av dagen, men vi visste at det ville bli vanskeleg å tilbakeleggje 25 mil på ukjente vegar. I tillegg var det viktig for oss at turen skulle vere koseleg og utan hastverk, så vi valde å ikkje stresse.

Like før Lillehammer møtte vi på det vanskelegaste punktet på heile turen. For å unngå E6 måtte vi sykle i fleire timar på ein grusveg litt oppe i ei «fjellside, og for å vere på den sikre sida valde vi å trille sykkelen store delar for å unngå punktering.

Denne dagen køyrte mamma nedover mot Oslo etter jobb, og møtte oss ved Gjøvik for å vere følgjebil siste timane av turen. Men då vi kom til Eidsvoll hadde klokka passert to om natta, og det var både mørkt og svært vanskeleg å finne dei rette vegane inn mot Oslo. Vi bestemte oss derfor for at vi skulle setje oss i bilen og vente til det vart litt lysare. Og då sola sto opp sette vi oss på sykkelsetet igjen, klare for aller siste etappe. Etter at vi hadde surra rundt eit par timar i området rundt Lillestrøm og leika «bønder i byen», kom vi omsider heilt fram til hovudstaden, blide og fornøgde. Etter å ha sykla i over 44 timar på tre døgn nådde vi endeleg målet. Ein koseleg og minneverdig søstretur i strålende vêr var over. Vi hadde klart det!



Emma og meg siste kvelden på sykkelsetet.

Fram til neste gang eg skal blogge har eg mykje spennande i vente. På programmet står både Nigardsbreen, Besseggen, terrengsykling og tinderangling!

Mi personlege form på ein skala frå 0-10 er i skrivande stund vurdert til: 6,5